



Arkiv: 033

Saksmappe: 2013/827

Sakshandsamar: Tove Mette Fyllingen

Dato: 24.01.2014

Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
	Valnemnda	
13/14	Kommunestyret	06.02.2014

### **Samarbeidsutval ved Seim skule**

Saka går til innstilling i valnemnda

Saka skal avgjerast endeleg i kommunestyret

#### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

Valnemnda legg fram innstilling i møtet.

#### **Handsaming i Kommunestyret - 06.02.2014**

Innstilling frå valnemnda vart lagt fram i møtet.

Det vert omval på kommunal representant i samarbeidsutvalet ved nye Seim skule.

Representant (medlem) vert Rune Seim med vara Asle Hetlebakke.

Dei er vald ut kommunestyreperioden (til oktober 2015)

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak i Kommunestyret - 06.02.2014**

Kommunalrepresentant (medlem) ved SU, nye Seim skule, er Rune Seim med vara Asle Hetlebakke.

---

### **Saksutgreiing:**

Etter Festo og Seim skule vart slått saman er det kome innspel om å velja ny kommunal representant til samarbeidsutvalet ved Seim skule.

Endringa har til no medført at SU ved Festo skule gjekk ut og SU ved Seim skule fortsette som det var.

Den kommunale representanten ved Seim skule er Rune Seim med vara Åge Stusdal begge frå tidlegare Seim skulekrins, ved Festo skule var representanten Asle Hetlebakke med vara Borgar B.Titland begge frå tidlegare Festo skulekrins.

### **Opplæringslova:**

#### **§ 11-1. Samarbeidsutval ved grunnskolar**

*Ved kvar grunnskole skal det vere eit samarbeidsutval med to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skolen.*